

Saksnummer:

201305024

NVE  
nve@nve.no

Leikanger 14.06.2014

kopi:  
Sogndal kommune  
[postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no)

Aurland kommune  
[post@aurland.kommune.no](mailto:post@aurland.kommune.no)

## **Høyringsfråsegn til melding om 420kv-leidning Aurland-Sogndal frå Sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.**

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.809. Området for meldinga ligg i Leikanger og Sogndal Turlag og Aurland Turlag sine arbeidsområde, sjå <http://www.turistforeningen.no/sogndal> og for kontakt Aurland [bente.steine@privat.alb.no](mailto:bente.steine@privat.alb.no) eller sjå <http://sognogfjordane.turistforeningen.no/>

### **Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:**

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er fylkeslaget til Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøvernorganisasjon, 100 år i 2014. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemد ikkje påfører naturen større påkjenningar enn den toler. Sjå: <http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

Natur- og friluftsinteresser er allmenne interesser som er viktige for den nasjonale folkehelsa. Det er i dag et massivt utbyggingspress mot norsk natur, i stor grad representert av vei-, energi- og andre arealkrevjande inngrep. Utbyggingane kan ofte komme i konflikt med allmenne natur- og friluftsinteresser. Over 1000 kvadratkilometer inngrepsfri natur gjekk tapt i perioden 2003-2008, der energisektoren sto for 40 %. Dette gjer det naudsint å ta auka omsyn til sumverknadar av inngrepa og at natur- og friluftsomsyn tidleg inngår i planarbeidet.

### **Naturmangfold i området:**

Villrein: Vi vil be om at ein unngår alt anleggs- og transportarbeid under kalvingstida for villreinen i dei aktuelle områda (her reknar vi med at Aurland fjellstyre gir god informasjon). Vegetasjon og beiteområde: Vi vil be om at ein unngår køyrespor og transportskade spesielt i sårbare høgfjellsområde, i beiteområde for villrein- og andre husdyrbeiteområde.

BN00016024

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost [sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)

Nettside [www.fnf-nett.no/sognogfjordane](http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane)

Områdenavn : Storebotn-Fossvatn

Kommuner Aurland

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet


Utforming

Verdi: Viktig

Utvalgt naturtype: Nei

Urørt fylittfjellområde med flere kalkkrevjande artar som raudsildre og reinrose. Lokaliteten er ikke undersøkt i samband med denne registreringa. Den er tidlegare omtalt i samband med Verneplan for Vassdrag.

Det bør gjerast utfyllande registreringar i dette området; før ein gjer nye inngrep og vere varsam med sårbar vegetasjon.



Storebotn Fossvatn, kalkrike områder i fjellet [www.fylkesatlas](http://www.fylkesatlas.no)

### **Friluftsliv i det aktuelle området:**

Som vi informerte om på folkemøtet i Sogndal 26.05 er det svært mangelfull informasjon om friluftslivet på Kaupangerhalvøya vest for Storhogen. Sjølv om trimpostane som ligg lengre aust og nærmere tett busetnad har flere treff enn dei som ligg lengst vest i området, er det framleis mange som brukar dette området og det er å rekna som er svært viktig og mykke turområde til alle årstider.

Sjå:[http://drammen.turistforeningen.no/activity.php?ac\\_id=22142&activity\\_advanced\\_search=0&activity\\_advanced\\_search=0&activity\\_advanced\\_search=0](http://drammen.turistforeningen.no/activity.php?ac_id=22142&activity_advanced_search=0&activity_advanced_search=0&activity_advanced_search=0)

## **KOM DEG UT-dag på Heggmyrane**

Turlaget markerer Kom deg ut-dagen!

**Telemarksmoro og måneskinstur!**

**Årleg har DNT to markeringar av "Kom deg ut dagen". Sogndal Turlag vil markere vinterdagen med ei svingande satsing på telemarkstilen som den verkelege stilten for turentusiastar og måneskinstur til utsiktstoppen Dueskardsvarden om kvelden!**

*Sogndal Turlag opnar vidare 2009-tursesongen med måneskinstur sundag kveld. Den går i frå Flyplassen til Dueskardsvarden. Vi går den vanlege skiløypa om Lingesete. I mørkret (måneskin) skulle det vere lett å ta seg fram til Varden på 986 moh. Her kan ein nyte panoramautsikt over fjord og fjell. Dersom ver og føre tillet det, kan returnen gå på høgda over Lingesete og ned att via Lingesetevatnet. Middels tung tur på 3 – 4 timer. Kart: Sogndal og Leikanger turkart.*

VH

Sogndal Turlag

Barnas Turlag i Sogndal har også hatt sumartur til Dueskardsvarden.

Viktige ruter på Kaupangerhalvøya i Sogndal kommune:

Merka ruter: Det er merka ruter med trimpost ved Kaupanger IL frå Haukåsen til Storehogen, Lingesete og Dueskardsvarden. I tillegg er det mange som ferdast vidare frå Dueskard og utover ned til Fimreite, til fots, på ski og etterkvart er stisykling i dette området blitt populært. Ein del ferdast også utanom dei oppmerka oppgårte løypene. Området vert tradisjonelt også nytta til hjortejakt, sopp og bærnsanking om hausten. Det er òg ein del som går turen både sumar og vinter.

Her er oversikt over kor mange som har skrive seg inn i bøkene dei 3 siste åra. Vi veit at det er mange som ikkje skriv seg inn i bøkene, så tal personar som går tur i terrenget er mykje høgare. I tillegg kjem alle syklistane. Vi tviler på at dei stopper for å skrive seg inn i bøkene.

<b><u>Post</u></b>	<b><u>2013</u></b>	<b><u>2012</u></b>	<b><u>2011</u></b>
Dueskardvarden	792	746	707
Lingesete	1556	1880	1650
Storehogen	799	821	715
Bjørkastølen	1202	1238	925
Kaupangerholten	2497	2323	2157
Hatleggi	2089	2319	2406

Kaupangerområdet marknadsfører stisykling langt utover landegrensene for tida, og då er det ikkje fint å ha to til fire kraftleidningar midt gjennom eit flott turområde. Det er flott å sykle frå flyplassen, over Lingesetfjellet og ned att på Fimreite. Her kan ein få ein rundtur via Fimreitevegen inn att til Sogndal eller Kaupanger.



Vinterturruta frå Lingesete på veg mot Dueskardsvarden. Foto: Gro Skjelle Fimreite

Kommentar; etter Dagmar låg ein laus nettkabel i snurr delvis dekt i snøen langs løypa slik at folk lett kunne hekta seg fast med skia under nedfart. Ved flytting av linetrase slik at denne berre krysser turruta istadenfor å gå nærmest parallelt med denne vil det verte ein stor føremon, av omsyn til både tryggleik og naturoppleving.

Marknadsføring og potensialet knytt til stisykling i Kaupangerområdet inkl. halvøya:  
<http://fjellogfjordmoro.no/ei-side-til/>  
<http://sykkelforer.rocketfarm.no/test.html#/turer>  
<http://hobbyfotografenmonica.blogspot.no/2014/05/guidet-stisykling-i-kaupanger.html>

Boka **Opptur** Sogn og Fjordane har med desse rutene i det aktuelle området:  
Sogndal kommune; på rute 05-02 til Storhogen vert landskapsopplevinga frå toppen mot vest påverka av arbeidet med og ny 420 kV-line.

#### **Viktige ruter i området Bleia-Storebotn-Vassbygdi i Aurland kommune:**

Merka ruter:

Lærdal kommune; på rute 03-11 Erdal - Frønningen vil ein kunne sjå linja frå ruta på nedturen til Frønninge-åsen. Farglegging av linjer og brune master vil kunne bøte på ulempene og få lina til å gå betre inn i terrenget og skogen.

Aurland kommune: på rute 04-05 Flotvotni – Skjerdal ruta vil krysse lina nordom Helleberg mot Soleiebakketvatni.

I sørrenden av Storebotnvatnet ligg ei av hyttene til Aurland fjellstyre, ope for allmenn bruk etter avtale. Det vil vere ei føremon om lia ikkje kjem nærmare hytta enn no, men heller noko lengre unna om mogleg.

#### **Avbøtande tiltak og istandsetting av terreng etter endt arbeid:**

Vi ber om at alle stiar og ferdslivegar verdt haldne opne for passering i anleggsperioden og at desse vert rydda og merka opp att dersom dei vert delvis øydelagde under anleggsperioden. I mørke eller ved svært liten sikt er det viktig at ein kan halde tråden i kor stien går. Ved store anleggssår kan det vere naudsynt med ekstra merking av stien.

**Krav til arbeidet med transport og til opprydding og istandsetting av spor i terrenget:**

Transport; Vi vil be om at mest mogleg av transport kan skje på snøføre og med helikopter slik at kjørespor i terrenget vert minimalisert.

Opprydding og istandsetting; Der det vert kjørespor etter anlegg ber vi om at desse vert rydda og istandsatt på best mogleg måte med stadegen masse/vegetasjon.

**Forslag til mogleg alternativ trase Kaupangerhalvøya:**

Sidan dette er eit område som er svært viktig for lokalt og regionalt friluftsliv kan ein alternativ trase vore om linjene hadde gått lenger nede i lia mot Sogndalsfjorden og så kryssa over mellom Lingsetfjellet og Middagshaugen. Då hadde dei ikkje gått rett gjennom det området der det er flest turgåarar. Men høgdeplasseringa i terrenget her vil avgjere det, for no er den storlagne utsikta frå Dueskardvarden fri i utsynet mot sør, vest og nord i det nærmeste terrenget. Visuell terrenghodeling av korleis alternativet vil sjå ut vill vere eit nyttig verktøy for å vurdere dette. Vi vil derfor be Nve om å utarbeide eit forslag med bruk av visuell terrenghodeling for å vurdere dei to alternativa. Vi føreset då også at ein evt kan legge om ny trase ved bruk av vintertransport og helikopter og unngå bygging av ny veg.

Med venleg helsing



Naturvernforbundet  
v/ Marit Vøien Nes, leiar

Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernutvalet  
v/ Ron Overdevest, leiar

Sogn og Fjordane Turlag



Forum for natur og friluftsliv  
Elisabeth Dahle, koordinator